

## Referat

### Samarbeidsmøte påtale, domstol og advokatar/Advokatforeningen i Haugaland og Sunnhordland

Tid: Onsdag 1. november 2023 kl 1200-1415

Stad: Elden advokatfirma, Haugesund

Til stades:

- Haugaland og Sunnhordland tingrett, ved
  - o tingrettsdommar Signe Lundegård
  - o tingrettsdommar Thomas Utne Pettersen
- Sør-vest politidistrikt, påtaleseksjonen ved
  - o Are Andersen Skjold-Frykholm, leiar påtale GDE i nord
  - o Lars Ole Berge, avsnittsleiar, personavsnittet (FEE)
- Advokatar / Advokatforeningen
  - o adv Elisabeth Rød, leiar kretsen i advokatforeningen / fast bistandsadvokat
  - o adv Per Ivar Hessen, fast forsvarar rettsstad Leirvik
  - o adv Silje Christine Hellesen, fast forsvarar rettsstad Haugesund
  - o adv Gunnveig Breistein, fast bistandsadvokat rettstad Leirvik, styremedlem advokatforeningen
  - o adv Ben Einar Grindhaug, fast forsvarar, rettsstad Haugesund

Inviterte med fråver:

- adv Odd Arild Helland, fast forsvarar, rettsstad Haugesund
- adv Cecilie Aarvik, fast bistandsadvokat, rettsstad Haugesund,
- adv Sverre Hetland, fast bistandsadvokat, rettsstad Haugesund
- Pål-Jæger Pedersen, Sør-Vest politidistrikt leiar Felles enhet for etterforsking (FEE)

#### 1. «Lekkasje» av saker og oppdrag fra Haugesund til Stavanger

Rød tok opp at saker med gjerningsstad Haugesund/Sunnhordland blir etterforska i, og får oppnemnt forsvarar og bistandsadvokat frå Stavanger. Dette er problematisk på fleire vis. Det er rettskretsen som er styrande for oppnemning. Presiserer også at dette er tildeling av oppdrag, eit gode, som må skje etter reglane, ryddig og med transparens. (Meir om fordeling av oppdrag nedanfor)

Hellesen anførte at det er viktig sett frå samfunnsperspektiv at alvorlege saker i så stor grad det er mogleg blir handtert lokalt, av lokalt politi, av lokal tingrett og av lokale advokatar. Dette har med kjensla av tryggleik i eigen by å gjere.

Lundegård påpeikte det samfunnsøkonomiske aspektet, minna om at hovudforhandlingane skal gå der hendinga skjedde (Haugesund), og at utanbys advokatar føreset søknad om bustadsatterhald. Klienten vil venteleg også ha behov for oppfølging i sin heimstad, etter lauslating frå varetekt i Stavanger, noko som også tilseier bruk av lokale advokatar.

Berge svarte pva påtale at han hadde forståing for at det blir tatt opp, og kommenterte vidare:

Når det gjeld kor saka blir etterforska, har det samanheng med organiseringa av politidistriktet. Organiseringa tilsa at ein del av den krevjande etterforskinga skjer med utspring frå Stavanger. Dette har med spesialkompetanse og døgntilgjengelege ressursar å gjere.

Berge påpeiker at dette likevel skal ikkje ha samanheng til oppnemning av forsvarar/badv. Trekklistar forsvarar og bistandsadvokat – også i nord – er fordelt i linjene i politidistriktet. Minner likevel om at det er den enkelte tenesteperson på staden som ofte ringer advokatar. Årsak til at det har blitt oppnemnt faste forsvarar /bistandsadvokat frå Stavanger i enkelt saker, veit ein ikkje. Antakeleg er FSI (felles straffesaksinntak) rette mål for purring og informasjon, - det er denne avdelinga som tar innleiande fase i saka. Påminning bør sendast leiar der, Veggeberg, evt ein av juristane på FSI til påminning.

Når det gjeld førstegongsfengsling (og vidare fengsling), viser Berge til at det skjer for den tingretten der sikta sit i arrest – som då er Stavanger i nemnte tilfelle (strpl § 12).

Lundegård minner om høvet for at aktor kan møte digitalt i fengslingsmøte i Hordaland og Sunnhordland tingrett.

## **2. Forslag om vaktliste for faste forsvararar og bistandsadvokatar ved oppdrag frå politiet**

Rød viser til at advokatforeningen i Sandnes og Stavanger har lister som organiserer «vakter» for faste advokatar og bistandsadvokatar, til bruk for politiet der det trengst advokat ved til dømes pågriping, fornærma forklaring, eller etter tilrettelagt avhøyr med sikting og frist for supplerande avhøyr. Foreininga i sørfylket har gode erfaringar med lister. Ein ønsker å høyre med påtale og domstol kva erfaring dei har.

Dette er lister som gir politiet ein enkel regel om kven av dei faste advokatane dei skal kontakte, dersom ikkje sikta/fornærma har eigne ønsjer. Ordninga søker å gjere det enklare for politiet, og fordelinga av saker/oppdrag rettferdig mellom advokatane. Den som står på vaktlista har ikkje plikt til å «rydde kalenderen» og ta oppdraget i aktuell veke. Får ikkje politiet kontakt, vil dei gå vidare på si liste. Det er ikkje døgnbemannna vaktliste, og heller ikkje kompensasjon for å vere tilgjengeleg.

Merk: domstolen har ikkje trekkliste for beramming av saker. Punktet her gjeld kun kven politiet skal kontakte ved rett på /behov for advokat for ein person.

Beramningskontoret i Sør Vest politidistrikt for tilrettelagte avhøyr brukar allereie slik vaktliste.

Skjold-Frykholm har gode erfaringar frå slike lister frå si tid i Oslo politidistrikt.

Domstol og påtale ser svært positivt på forslag om slike lister. Påtale opplyser at listene gjer jobben lettare for politiet, og fungerer godt i sørfylket.

Advokatforeininga og advokatane tar med seg tilbakemelding frå domstol og påtale.

Inga avgjerd er teke, advokatane skal uttale seg og organisere ei slik liste om det er ønskeleg.

## **3. Situasjonen hos påtale – Haugesund, samarbeid**

Skjold-Frykholm har hatt leiarjobben sidan mai 2023. Han oppgir at påtaleseksjonen i Haugesund er bemanna betre enn på ei stund, men for tida slit ein med ein del sjukmeldingar. Det er også ein del nye tilsette som skal ha obligatorisk utdanning, fem stk under opplæring p.t. Budsjettet har og vore ok, men ein forventar noko nedtrekk på statsbudsjettet.

På etterforskingssavdelingane står det svært dårleg til med ressursar. Det vil antakeleg leie til ein del bortleggingar pga kapasitet.

Påtale Haugesund, som er påtaleansvarleg for dei geografiske driftseiningane i Haugaland og Sunnhordland, blir no organisert i team etter geografiske driftseiningar (GDE).

Skjold-Frykholm vil utarbeide eit organisasjonskart med kontaktpunkt skal utarbeidast og formidlast til advokatar og domstol.

Rød tok opp at det har blitt vanskeleg å få kontakt med påtaleansvarlege, og håpar på at ein kan prioritere advokatane ved spm inn i saker.

#### **4. Ymse**

Faktisk utdrag:

Hellesen: Minner om ny rutine i straffeprosesslova om at påtale skal sende faktisk utdrag samstundes med tiltalen – også til forsvarar (og badv). Per no ujamt praktisert. Bør ligge i aktørportalen ved innsending av saka.

Sivile krav utan bistandsadvokat:

Hellesen minner påtale om å sende faktisk utdrag til forsvarar samtidig som tiltale blir sendt retten: Frå 1. juli 2022 vart krav til oversending av tiltalevedtak endra for påtalemakta. Det følgjer av strpl § 262 at påtalemakta i samband med oversending av saka til retten òg skal sende over utdraget, jf bokstav c.. Dersom det blir fremja sivile krav skal påtalemakta òg angi det faktiske og rettslege grunnlaget for kravet, jf § 262 tredje ledd.

Godgjering forsvarar under varetektsfengsla:

Hellesen: Spm om arbeid for klient som er varetektsfengsla. Stykkpris gir svært lite, kan ein søke oppnemning etter strpl § 100 andre ledd i tillegg? Grindhaug føreslår: søk etter overskridingsregelen dersom ein har meir enn 50% medgått tid. Ved lauslating kan ein søke oppnemning på ny, etter til dømes § 100 andre ledd. Lundegård støttar denne framgangsmåten.

Fengslingsforlengingar:

Grindhaug minner påtale om å konferere tidspunkt for rettsmøte med forsvarar før innsending til retten.

Fengslingar i saker m bistandsadvokat:

Minner påtale om at bistandsadvokat skal ha varsle om fengslingsmøte og -forlenging.

Konfliktråd:

Hessen og Rød: Minner påtale om å orientere aktørane om oversending til konfliktråd. Advokat sit ofte utan oppdatering, og saka står open.

Kommunikasjon med domstolen:

Saksbehandlarane i domstolen minner advokatane om å søke å unngå mykje epostar – kommunikasjon i saker bør skje i aktørportalen.

Fagleg:

Utne Pettersen oppgir at Dommarforeningen sitt menneskerettsutval har laga ein vegleiar for isolasjon. Denne bør alle lese. Han sender ut.

Behov for tolk - påteikningar:

Utne Pettersen minner påtale om å alltid – ved utanlandske namn i påteikning og berammingsbrev

og vitneliste – avklare om det er behov for tolk.

Krav om førarkortbeslag ransakingar mm:

Utne Pettersen: Minner påtale om eit minimum av grunngiving.

Hastebehandling av anke sendt i aktørportalen:

Grindhaug fortalte om ei uheldig sak: ein sikta hadde i tingretten fått forlenga isolasjon i varetektsmed ei veke. Anke over isolasjonen blei sendt i aktørportalen torsdag ettermiddag, men håp om ei avgjerd fredagen. Anken blei likevel liggande ubehandla/ulest i aktørportalen over helga, med den konsekvens at lagmannsretten ikkje behandla anken før onsdag – då var isolasjonsforlenginga omrent over. Uheldig. Domstolen bør ha rutinar for å sjekke hastesaker i aktørportalen.

Manglande melding frå aktørportalen til advokatar:

Særleg der domstolen legg inn eigne dokument, for eksempel sakkunnigerklæring, opplever advokatar (Helleesen, Breistein) å ikkje få varsel. Breistein har tatt opp dette med Schmidt mai 2023, og sendt generell epost til tingretten om det. Schmidt oppgir at dette er ein rutine tingretten må gjere om på, for at det skal varslast ved slike brev.

Referent Gunnveig Breistein 1.11.2023